



Svein Ådlandsvik  
Grønhaugvegen 52  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1802 - 18/16746

Saksbehandlar:  
Kristin Moe  
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:  
14.08.2018

## Svar på tilbakemelding - GBNR 49/119

Viser til brev datert 14.08.2018.

I utgangspunktet skal alle få melding frå Norva24 Vest AS med informasjon om status på tanken etter tømning. Kommunen fann det derfor ikkje nødvendig å sende ut same melding på nytt i september 2017. I mellomtia skal dykk som har manglar på anlegget hatt god tid til å finne ei løysning før førehandsvarselet frå kommunen blir sendt ut.

Det kan likevel vere nokon som ikkje har motteke melding frå Norva24 Vest AS, men dette har kommunen dessverre ikkje moglegheit til å sjekke opp i før førehandsvarsel blir sendt ut. Førehandsvarselet skal likevel sikre at dykk får nødvendig informasjon og moglegheit til å utbetre anlegget dykkar. For å sikre dette er forvaltninga pålagt å følgje visse reglar for sakshandsaminga.

Vi er mellom anna pålagt å førehandsvarsele ein part for å gje vedkomande moglegheit til å uttale seg før det blir fatta vedtak i saka. Vi har satt ein svarfrist på tre veker for uttale og vurderer fristen som forsvarleg. Ein uttale kan også vere skriftleg (e-post eller pr. brev) og det går klart fram kor ein kan sende brev og e-post til kommunen. Frist for tilbakemelding på utført arbeid er satt til 17.09.2018, 10 veker etter førehandsvarselet vart sendt ut.

I førehandsvarselet er vi også pliktig til å gje tydeleg informasjon om kva det blir vurdert å fatte vedtak om. Kommunen har forståing for at det kan vere skremmande å få varsel om tvangsmulkt, men har vurdert formuleringa som nødvendig for å sikre ei forsvarleg sakshandsaming. Det er viktig at ein part så tidleg som mogeleg kan førebu seg på eit eventuelt pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt. For at det ikkje skal vere tvil om kva førehandsvarselet gjeld står det også følgjande i overskrifta: «Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt».

Viser også til tilbakemelding om utført arbeid frå Fløysand VA AS datert 01.08.2018. Saka vil på bakgrunn av tilbakemeldinga bli avslutta.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Kristin Moe  
juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Svein Ådlandsvik

Grønhaugvegen 52 5917

ROSSLAND